

# Strategi for Institutt for framandspråk

2024-2030

## Forstå verda

Institutt for framandspråk (IF) er ein berebjelke for den faglege breidda ved Universitetet i Bergen, med røter attende til opprettinga av UiB i 1946. Det noverande instituttet vart skipa i 2007 og det vert no forska på, undervist og formidla i ni språkfag: arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, kinesisk, russisk, spansk og latinamerikakunnskap og tysk.

IF dekkjer i sitt virke heile kloden med viktige, kulturberande språk for alle kontinenta. Vår tilnærming til desse språka er tverrfagleg og inkluderer språkvitskap, litteraturvitskap, historie, kulturstudium og fagdidaktikk. Kombinasjonen av tradisjonelle språkstudium med lektorutdanning i framandspråk gjer instituttet til eit unikt kraftsentrum for framandspråkkompetanse i nasjonal samanheng.

Forsking, undervising og formidling ved Institutt for framandspråk dekkjer lange historiske linjer frå bokhistorie i mellomalderen til dagsaktuelle spørsmål om klimaendringar, ser på mangfald i språkbruk i skulen og korleis transnasjonal migrasjon manifesterer seg i litteraturen, utforskar matkultur på ulike kontinent, studerer konflikt i sosiale medium. Slik bidrar aktiviteten ved instituttet til at vi – norske styresmakter, verksemder, kulturliv og einskildindivid – skal forstå oss sjølve, den verda vi er ein del av. Språkkompetanse, forsking og formidling innanfor framandspråkdisciplinane hjelper oss å påverke utviklinga i den retninga vi ønskjer, til å ta vare på miljø, klima og eit mangfaldig, demokratisk samfunn.

Visjon

**IF skal bidra til ei betre forståing av verda gjennom forsking, undervising og formidling som held høg kvalitet og er i kontinuerleg utvikling.**

## Forsking og forskarutdanning

IF er eit institutt med stor forskingsaktivitet og har ein akademisk stab som inkluderer omlag 40 professorar og førsteamanuensar, 15 postdoktorar og ph.d.-stipendiatar, samt tilsette i reine forskarstillingar. Desse er organiserte i forskargrupper, forskingsprosjekt eller driv med individuell forsking. Det meste av forskinga er finansiert over grunnløyvinga til UiB, men instituttet hentar òg inn forskingsmidlar frå forskingsråda i Noreg og EU, samt private forskingsstiftingar.

Forskingsfridom og kvalitet i forsking er grunnleggjande verdiar for IF. Dette er avgjerande for at forskinga skal auke vår kunnskap om oss sjølve og verda og gjere oss i stand til å løyse dei utfordringane Noreg og verda står andsynes. Humanistisk forsking forankra i språkforståing er uunnverlege grunnlag for kritisk tenking, eit demokratisk samfunn og arbeidet for å nå globale mål om økonomisk, sosial og klimatisk berekraft.

Forskinga ved IF skal vere internasjonal og føregå i eit kollegafellesskap som bidrar til å sikre kvaliteten og idétilfanget. Forskarutdanninga skal leggje til rette for kompetente og konkurransedyktige kandidatar som har gode føresetnadar for vidare karriere i eller utanfor academia.

**Hovudmåla i tida fram mot 2030 er å auke omfanget av eksternfinansiert forsking og auke talet på ph.d.-prosjekt som vert gjennomførte på normert tid.**

I perioden fram til 2030 skal IF difor:

- Styrke satsinga på forskargrupper, mellom anna ved å utvikle ein forskargruppestrategi for instituttet i 2024;
- Betre føresetnadane for å søkje om og drive eksternfinansierte forskingsprosjekt;
- Styrke både den administrative og den fagleg-sosiale støtta til ph.d.-stipendiatar og postdoktorar, mellom anna med regelmessige medarbeidarsamtalar òg for desse stillingskategoriane;
- Styrke kompetansen på forskingsleiing og rettleiing av ph.d.-kandidatar
- Følgje opp UiB Fram for å sikre kvar einskild forskar si tid til forsking og sikre at alle tilsette har ein fagleg-sosial arena for å diskutere si forsking.

## Utdanning

IF har eit omfattande studietilbod som inkluderer ni bachelorprogram, åtte masterprogram, ei femårig lektorutdanning innan fire språkfag og eit breidt spekter av vidareutdanningar.

Forsking av høg kvalitet skal liggje til grunn for all undervising på instituttet. Instituttet skal ha eit attraktivt studietilbod som legg til rette for at studentane gjennomfører heile gradar på normert tid. Utdanningstilbodet ved IF skal gi studentane solide språkdugleikar og setje dei i stand til å forstå dei kulturane språka inngår i. Alle studieprogramma ved IF skal ha ein sterk internasjonal komponent, til dømes gjennom utanlandsopphald som er ein integrert del av studieløpet. Institutt for framandspråk skal vere eit nasjonalt kompetansesentrum for undervising i framandspråk på alle nivå.

**Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å rekruttere fleire studentar og få fleire av desse til å fullføre heile gradar på normert tid.**

For å få til dette skal vi:

- Byggje ut utvekslingstilbodet og leggje til rette for at alle studentar har eit godt tilbod om å reise ut i løpet av sine studium på IF;
- Auke arbeidsrelevansen av studietilbodet, mellom anna gjennom tettare kontakt med relevante aktørar i verksemdar som sysselset våre kandidatar;
- Styrke studentane si forståing av eigen kompetanse
- Sikre digital kompetanse i alle studietilbod, til dømes i samarbeid med Universitetsbiblioteket;
- Utvikle og følgje opp strategi for vidareutdanning i tett samarbeid med HF-fakultetet;
- Synleggjere vår kompetanse på framandspråksundervising og relevansen av denne for utdanningsinstitusjonar på alle nivå i Noreg;
- Halde fram med å hente inn ekstern finansiering til styrking av studiekvaliteten, gjennom ordningar som til dømes Erasmus+, Norpart og Utforsk.

## Formidling

IF skal gjere kunnskap om og forståing av verda tilgjengeleg for det norske samfunnet gjennom god, forskingsbasert formidling på norsk. Formidlingsarbeidet skal fremje forståinga av behovet for framandspråkskompetanse i det norske samfunnet.

**Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å styrke IF sin posisjon som kompetansesenter for framandspråk og globale spørsmål i den norske offentlegheita.**

For å få til dette skal vi:

- Synleggjere vår fagkunnskap, forskingsaktivitet, og vårt studietilbod for relevante målgrupper i ulike kanalar;
- Bygge ein internkultur for formidling, med tilsette som ønskjer å formidle og synleggjere instituttet sin fagkunnskap, forskingsaktivitet og studietilbod;
- Fremje den akademiske fridomen, både når det gjeld egne tilsette og i samarbeid med andre.

## Organisasjon

IF er eit komplekst institutt med ni ulike språkfag og medarbeidarar og studentar frå heile verda. Instituttet skal ha ein kompetent fagleg og administrativ stab som legg til rette for at IF best mogleg kan gjennomføra oppgåvene innanfor forskning, undervising og formidling. HF-bygget skal vere sentrum for eit levande arbeids- og studiemiljø. Instituttet skal leggje vekt på godt arbeidsmiljø, transparente prosessar og leggje til rette for at medarbeidarane skal kjenna seg sette og verdsette gjennom heile sin yrkeskarriere.

**Hovudmålet for perioden fram til 2030 er å sikre god administrativ støtte til den faglege verksemda ved instituttet.**

Instituttet vil:

- Styrke instituttrådets rolle som rådgivande organ;
- Sikre god oppfølging av strategien gjennom å etablere tiltaksplanar for kvart kapittel og rullere strategien hausten 2026;
- Gå gjennom organiseringa av administrasjonen, særleg med tanke på å frigjere ressursar til forskingsadministrasjon;
- Byggje vidare på fagmiljøet knytt til Nasjonale prøvar i engelsk;
- Nytte medarbeidersamtalar som grunnlag for kontinuerleg fagleg utvikling, samt oppmuntre og leggje til rette for kompetanseheving, kurs og kortvarige utvekslingsopphald for alle tilsette;
- Redusere bruken av mellombels tilsette;
- Sikre god internkommunikasjon gjennom faste nyhendebrev og regelmessige samlingar for alle tilsette med høve til å diskutere og utveksle idear om ulike sider ved IF sitt arbeid innan forskning, undervising, formidling og administrasjon;
- Styrke fagutvala på alle fag og prøve ut ei ordning med eit felles fagutval for alle studentane ved instituttet.